


## OPPLYSNINGSFELT

**Arealdelen i kommuneplanen**

Arealdelen er eit kart som syner nåveranda og framtidig bruk av areala i kommunen. Han er rettsleg bindande for bl.a. ulike byggjearbeid og for frådeling av tomter til byggjeføremål, jfr. plan- og bygningslova § 20-6.

Arealdelen gjeld framfor eldre rikspolitiske forskrifter, kommunedelplanar, reguleringsplanar og bebyggelseplanar. Arealdelen fell bort i den utstrekning den strir mot nye forskrifter som blir gjort gjeldande.

Kommunen kan gje dispensasjon frå kommuneplanen når det ligg føre særlege grunnar (pbl. §7)

**Byggjeområde**

Byggjeområde er delt inn i underføremål for bustader, erverv, fritidsbusetnad, offentleg verksemd, friområde, anna byggjeområde.
Område for offentleg føremål skal nyttast til kommunale, fylkeskommunale og statlege anlegg og bygg. Område for allmennyttig føremål skal nyttast til anlegg og bygningar til nytte for folk flest.
Friområde omfattar friluftsområde i og direkte ved tettstadene, anlegg for idrett og sport o.l.

**Område for råstoffutvinning**

Område for eksisterande og framtidige masseuttak er vist

**Område som er eller skal båndleggjast**

Desse områda er enten
- verna eller føreslått verna etter naturvernlova, friluftslova, kulturvernlova, vassdragslova eller anna lovverk.
- sikra som friluftsområde, naturområde eller nedslagsfelt for drikkevasskjelde

For område som er verna, gjeld særlege verneforskrifter i tillegg til arealdelen si rettsverknad. Automatisk freda kulturminne og andre verneverdige kulturminne skal forvaltast i samsvar med lov om kulturminne.

**Område for bruk eller vern i sjø eller vassdrag**

Ein del av kyststrekninga i sjø er verna i tilknyting til Jærstrendene landskapsvernområde.
Det er vist bruk av sjøareal i Sirevåg og Holmane. Deler av ferskvassarealet - Søylandsvatnet og Bjårvatnet - er verna gjennom naturlova i våtmarksplan for Rogaland.
Håelva og Fuglestadåna inngår i nasjonal verneplan for vassdrag og skal forvaltast i samsvar med dei rikspolitiske retningslinene for verna vassdrag.
Håelva er vist klasseinndelt i samsvar med Aksjon Jærvassdrag.

**Viktige ledd i kommunikasjonssystemet**

Jernbanen og eksisterande hovudvegnett er vist - med føreslåtte endringar. Rammeplan for avkøyringar (Statens Vegvesen) gjeld der det ikkje er godkjent reguleringsplan.

**Grense for planarbeid**

I sentrum av Nærbø, Varhaug og Vigrestad vil kommunen starta planlegging med føremål å leggja til rette for fortetting av viste bustadområde, grønstruktur m.v. Planarbeidet blir samordna med "Tettstadprosjekta". På karta er desse områda vist med grense for retningsliner. I området Sirevåg – Eigersund grense pågår arbeid med eigen kommunedelplan.

**Kommunedelplanar vedk. arealdelen**

Kommunedelplan Kvassheim – Sirevåg, datert 01.05.95, kommunestyresak 51/95 og kommunedelplan for leike-/grøntareal og friområde i bustadområda, kommunestyresak 1/99, og 51/01 gjeld framleis.

## FORSKRIFTER

**Byggjeområde**

Innanfor planlagte byggjeområde og områder for utvinning kan arbeid og tiltak som nemnt i § 84 og § 93 i plan- og bygningslova, eller frådeling til slike føremål, ikkje setjast i verk før områda inngår i reguleringsplan.

Ved etablering av bustadområde skal barn og unge sine interesser takast vare på. I planlagde byggjeområde kan utbygging ikkje finna stad før tekniske anlegg, leike- og opphaldsareal er etablert.

**Landbruk,-natur og friluftsområde**

Innanfor desse områda kan det berre bli gitt løyve til bygging og frådeling i samband med tradisjonell, stadbunden næring. Spredt utbygging av bustad-, nærings- og fritidshus og frådeling til slike føremål er ikkje tillate.
Utbygging i samband med tradisjonell stadbunden næring bør ikkje skje i konflikt med viktige landbruksinteresser, viltinteresser, natur-, kultur- og friluftsinteresser. Utbygginga må heller ikkje forureina drikkevatn, grunnvatn og vassdrag.

**LNF-område der spredt fritidsbusetnad er tillate**

Innanfor desse områda er det tillate å føra opp fritidsbusetnad som spredt utbygging. Det kan tillatast inntil 2 hytter i året i tilknyting til eksisterande bygningar, og tilpassa terrenget.

Bygginga skal ikkje skje i konflikt med viktige vilt- og landbruksinteresser. Når hyttene skal plasserast, må det takast omsyn til landbruksmessige tilhøve. Ellers gjeld dei same forskriftene for desse områda som for LNF-områda.

**Område for særskilt bruk eller vern av sjø eller vassdrag**

Innanfor ei sone på inntil 100 m breidde langs verna vassdrag, målt ved normal vassføring, kan arbeid og tiltak som nemnt i plan- og bygningslova §§ 81, 84, 86a, 86b og 93 samt frådeling til slike føremål, ikkje setjast i gang før det ligg føre godkjent reguleringsplan.

**Landbruk-, natur - og friluftsområde (LNF - område)**

Dyrka mark, skog og anna utmark er lagt ut som kombinert LNF-område. LNF-N er nytta på område av særskilt naturverninteresse.

# HÅ KOMMUNE

## KOMMUNEPLAN 2003 - 2018




VEDTATT HAUSTEN 2003